



Det vert bemanna festivalkontor i Gamleskulen frå onsdag. Frå venstre: Marta Nerhus, Susanne Meling og Terje Bru Markhus

Festidalen vil i år ha festivalkontor i Gamleskulen. Kontoret er ope frå onsdag og ut veka. Her vert det sal av billetter, festivalklede og andre artiklar knytta til festivalen. Nøyaktige opningstider vert kunngjort som notis seinare.

Alt på laurdag starta salet av t-skjorter. Det var i Rosendal og på Husnes. Frå onsdag er det høve til å få kjøpt festivalartiklar i Uskedalen. Det som kan seiast å vera eit festivalkontor i fjor, var på SPAR. No er denne tenesta flytta til Gamleskulen i sentrum av Uskedalen. Her er det betre plass og det høve til enkel matserving.

Opningstider:

Onsdag: 15.00- 18.00

Torsdag: 13.00 – 18.00

Fredag: 13.00 – 17.00

Laurdag: 12.00 – 16.00

Forutan t-skjorter vert det sal av støvlar, solbriller, jakker, capsar. Kontoret vil ha ope nokre timar på onsdag. Det vert auka opningstider på torsdag, fredag og laurdag. Kontoret vert godt skilta frå fylkesvegen og frå parkeringsplassen på SPAR.

Marta Nerhus og Karoline Neset er to sentrale personar i arbeidet med marknadsføring.

Alt i morgon vil pyntegruppa starta sitt arbeid. Dette gjeld mellom anna montering av flagg og banner i sentrum. Riggjering av scenen tek til på onsdag. Jan Berntsen er riggansvarleg. Riggjerda er komne på plass. Dei vert plassert ut etterkvart som områda er klargjort.



Riggjerda er klar for montering

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal